



Johan Sunde hadde blomar til Harald Erdal (til høgre), som takkar av etter 15 år som båthamn-leiar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Under årsmøtet i Uskedal Båtlag på Stemneplassen tysdag kveld takka Harald Erdal av etter 15 år som leiar og vart takka for stor innsats.**

Frode Ludvigsen tek over leiinga av båtlaget og han får med seg ytterlegare tre nye i styret: Rolf Myklebust, Leif Jarle Bergstø og Tor Edward Taranger. Øystein Koløy var ikkje på val i år.

Kasserer Johan Sunde var ein av dei som gjekk ut av styret, men han har sagt seg viljug til å ta seg av rekneskapan framleis fordi ingen av styrekandidatane kunne ta på seg vervet.

Årsmøtet vedtok at båtlaget heretter også skal ha varamedlemmer til styret og Harald Erdal og Jan H. Hansen vart valde.

Det må også bli eit anna skifte framfor neste sesong, fordi Leon Gundersen ikkje vil halda fram som hamnevert. I årsmeldinga vart han berømma for ein kjempejobb med gjestebåtar, dieselsal og sanitærrrom. Edvin Kjærland og Birger Mykebust gjorde også i fjor ein god jobb med plenane og diverse vedlikehald.

Den avgåande leiar kunne under årsmøtet opplyse at den nye reguleringsplana let plenområdet som båtlaget disponerer vera slik det er. Bygslinga har gått ut og båtlaget skal no freista å få kjøpt området.

Medan talet på gjestedøgn i 2006 auka frå 820 til 1.240 gjekk det attende med 150 i fjor. Også dieselsalet var noko mindre enn året før, kanskje på grunn av dårleg ver.

Revisorane Knut Sjøwall og Sigurd Arnesen, som vart attvalde, hadde ingen merknad til rekneskapan for 2007, som kasserer Johan Sunde karakteriserte som eit brukbart år. Årsresultatet var 181.097 kroner etter salsinntekter på 504.099 og driftskostnader på 311.415 kroner. I det siste talet ligg det dieselkjøp for 175.730 kroner. Båtlaget hadde ved årsskiftet ein eigenkapital på 3.222.674 kroner og ei gjeld på 232.479 kroner.

Årsmøtet avviste med 13 mot tre røyster eit forslag frå Terje Rød om å auka summen for sal av båtplassar frå 40.000 til 48.000 kroner. Forslagsstillaren meinte at forskjellen på kjøp og sal er for stor. Summane blir etter dette uendra: 50.000 for kjøp og 40.000 for sal. Det vart opplyst at ein båtplass no har vore ledig i trekvart år.

Rød tok også opp ei sommarflope som er utløynt av at hamna er populær som gjestehamn: Han har problem med å komma ut og inn. Gjestebåtane må ikkje plasserast slik at dei er til hinder for dei faste medlemmene, heldt han fram.

Det nye styret skal sjå på problemet og finna ei løysing, kanskje oppsetting av forbodsskilt.

Av Ola Matti Mathisen



Frode Ludvigsen overtek leiinga av båtlaget. (Foto: Ola Matti Mathisen)